



<b>FØREMELD INSPEKSJON ved</b> <b>Osland Havbruk AS</b> <b>Lokalitet 18336 Midtneset</b> <b>i Høyanger kommune</b>	Førebels  RAPPORT
---	-------------------------

<b>Verksemda si adresse:</b>	5962 Bjordal	<b>Arkivkode:</b>	09/4295, 542.1
<b>Lovverk:</b>	Ureiningslova med forskrifter	<b>Tidsrom for kontrollen:</b>	10.06.2009
<b>FMVA si kontrollgruppe:</b>	Gunn Helen Henne	<b>Kontaktpersonar i verksemda:</b>	Kari Ynnesdal, Kjell Meren, Erik Osland
<b>evt. anna kontrollgruppe:</b>	Fiskeridirektoratet og Mattilsynet	<b>Risikoklasse:</b>	

#### Innhald i rapporten:

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekka innan dei kontrollerte områda. Kontrollen omfatta følgjande hovudtema: verksemda si oppbygging og utøving av internkontroll i høve til ytre miljø (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall), handtering av avfall, og risikovurdering/beredskap.

#### Hovudkonklusjonar:

Fylkesmannen avdekka ikkje avvik, men har gjeve fire merknader ved kontrollen. (Avvik og merknad er definert på neste side.)

Rapporten er no sett som "førebels", men dersom verksemda ikkje har merknader til innhaldet, vert den å rekne som endeleg etter to veker.

Utarbeidd dato: 19.10.2009

For FMVA:

Gunn Helen Henne

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll den 10.6.2009 ved Osland Havbruk AS sitt settefiskanlegg på Midtneset i Høyanger kommune. Kontrollen inngår som ein del av kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Målet med kontrollen var å vurdere om krav i utsleppsløyve og ureiningslova med forskrifter vert stetta.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju og inspeksjon av anlegget. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt arbeide for å avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Rapporten sin status er sett som "førebeles" ved utsending. Det vil seie at verksemda har høve til å komme med tilbakemelding på ev. feil, uklåre formuleringar eller mistydingar innan 2 veker. Dersom de ikkje har merknader, vert den tilsendte rapporten å rekne som endeleg på dette tidspunktet.

Definisjonar:

**AVVIK** vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

**MERKNAD** er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

## 2. Dokumentgrunnlag

Dokumentgrunnlaget for kontrollen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (ureiningslova) med forskrifter
- Utsleppsløyve dagsett 03.07.2002.

På kontrollen vart dessutan verksemda sin eigen dokumentasjon i høve til internkontroll og andre styringssystem gjennomgått på enkelte område.

### 3. Avvik

Fylkesmannen avdekte ikkje avvik under kontrollen.

### 4. Merknader

Fylkesmannen har gjeve merknad til følgjande fire tilhøve:

#### **Merknad 1 Mål for ytre miljø i internkontrollen er lite etterprøvbare**

Kommentar Måla som er sett for ytre miljø i internkontrollen er av overordna karakter ("null skader på mennesker og miljø"). Meir utdjuing/detaljeringsgrad og meir "målbare mål" er ein føresetnad for at måla skal kunne vere eit godt verkemiddel for forbetring, gjennom evaluering av måloppnåing i samband med systematisk gjennomgang av internkontrollen. Eksempel på etterprøvbare mål er mengdemål som t.d. fôr- og kjemikalieforbruk, avfallsmengder, energibruk, osv. som kan samanliknast over tid. Nokre av desse er brukt som målsetningar for matfiskproduksjonen til selskapet, men det er ikkje utarbeidd tilsvarande mål for setjefiskproduksjonen.

#### **Merknad 2 Verksemda har tilfelle av manglande samsvar mellom skriftleg dokumentasjon i internkontrollen og praksis på anlegget.**

Kommentar Det systematiske internkontrollarbeidet må sikre at ein har skriftlege rutinar for relevante operasjonar/aktivitetar, at rutinane vert følgd i praksis, og at brot på rutinar vert avvikshandsama:

- I verksemda sin internkontroll er det ein rutine for substitusjon av kjemikalier som m.a. seier at det skal haldast oversikt over forbruket av kjemikalier. I praksis er dette ikkje følgd opp. Informasjon om forbruk er ein vesentleg føresetnad ved vurderingar av enkeltkjemikalier i substitusjonssamanheng (t.d. om ein eigentleg har bruk for det aktuelle kjemikaliet, eller om forbruket er så lågt at det ikkje utgjer nokon stor miljørisiko i praksis, osv.). Ei viss oversikt over produkta som er brukt finst elektronisk i form av datablad, men desse er ikkje sortert på anlegg, og viser alle kjemikalier som er brukt i alle delar av selskapet.
- Det er sagt i internkontrolldokumenta at det skal utarbeidast ein beredskapsplan for ureining/utslepp. Dette var ikkje gjennomført. På anlegget var det utstyr tilgjengeleg for oppsamling/avgrensing av utslepp, men dette var ikkje omtalt i internkontrollen.
- At eigne rutinar ikkje vert følgd, har ikkje blitt avviksmeld eller fanga opp i verksemda sin gjennomgang av internkontrollen.

**Merknad 3 Risikovurderingane i internkontrollen omfattar ikkje lagring av diesel**

Kommentar Verksemda har gjennomført kartlegging og vurdering av risiko for ytre miljø, men risikovurderingane som er gjort har ikkje omtalt risiko i samband med lagring av diesel, eller moglege tiltak for å redusere risiko for skade/ulempe på dette området. Ved kontrollen var det to dieseltankar på anlegget. Den eine var montert på vegg, men utan fast dekke under, og den andre stod på kanten av fast dekke. Begge manglar oppsamlingsmulighet for ev. søl og spill, for å hindre at dette kan renne i grunnen og vidare til sjø. Det vart ikkje observert synlege teikn til søl/spill ved dei to tankane ved kontrollen.

**Merknad 4 Kjemikaliehandtering og -lagring kan forbeistrast**

Kommentar Ved kontrollen vart det observert at

- Sterke syrer og basar (saltsyre og sterkt basiske vaskemiddel) vart lagra saman. I datablada for vaskemidla er det opplyst at lagring saman med syre er farleg. Verksemda har eigen lagringsplass for maursyre, og saltsyra vart flytta dit då det vart påpeikt at lagringa ikkje var i samsvar med databladet.
- Det fanst ikkje komplett databladsamling på lagringsstaden for kjemikalia. Det finst datablad for kjemikalia som er i bruk på anlegget, men nokre av dei var ikkje tilgjengelege på staden der kjemikalia vart lagra. Datablad som var hengt opp i kjemikalieskapet var ikkje fullstendige. Det er viktig at relevant informasjon er lett og raskt tilgjengeleg.
- Det fanst ikkje samla oversikt over kva kjemikaliar som var i bruk og forbruksmengder (sjå også merknad 2).

## 5. Varsel om gebyrbetaling for kontrollen

Etter kapittel 39 i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) skal det betalast gebyr til statskassa for fylkesmannen sitt arbeid med kontrollar etter ureiningslova. Gebyrsatsar for kontroll i verksemdar med løyve er vist i § 39-6, og er knytt til verksemda sin risikoklasse. Settefiskanlegget på lokaliteten Midtneset var ikkje plassert i risikoklasse ved kontrollen, og skal difor betale lågaste sats (sats 4), **kr 4 300**.

De har høve til å kommentere dette gebyrvarselet innan to veker.

Vedtak om gebyrsats blir deretter gjort av Fylkesmannen, mens det er SFT som står for innkrevjing av gebyret. Gebyrsatsen vil kunne påklagast.